

Fin 3.plass til Maxwell i første løp i Norge

15.09.2007

Torsdag deltok tre uskedalshestar i løp på Bergen Travpark. Maxwell som vart importert frå Danmark på forsommaren deltok i sitt første løp her i landet. Dessutan deltok både Alley Star, eigarar Magne og Anne Berit Huglen, og Kenya Key, eigd av Tommy Røssland, i løpa.

Det knytte seg sjølvsagt ekstra stor spenning til Norges-debuten til Maxwell. Den vert eigd av lutlaget Stall Nåsø som har uskedalingane Magne Huglen og Eilif Myklebust jr. mellom dei 7 luteigarane.

Fleire av luteigarane var på plass på Bergen Travpark, og ein av dei, Magne Huglen, kan melda om at hesten gjorde eit flott løp..

- Den låg heilt framme heile tida, stort sett på andreplass. På slutten mangla litt gnist i spurten, men det har nok samanheng med den lange konkurransepausen den har hatt etter den vart importert til Norge, fortel den entusiastiske hesteeigaren. Maxwell kryssa målstreken som nummer tre, og det var eigarane godt fornøgd med. Maxwell skal ut i nytt løp komande torsdag.

Endå meir fornøgd var nok Huglen med lovande Alley Star sjølv om den til slutt enda bak i køen.

- Alley gjekk utruleg flott i 1700 av dei 2100 metrane. Om alt hadde gått normalt, hadde den hamna heilt i toppen, men i siste sving vart den hindra av ein annan hest. Dermed var løpet øydelagt. Den mista så mykje at den ikkje hadde muligheter, og dermed hamna den eit stykke bak, rapporterer hesteeigaren medan han legg til at slike ting må ein berre vera førebudd på vil skje i travløp. Han er likevel svært fornøgd med opninga til Alley Star. Den viste at den har toppfarten inne, og at det er i stand til å følgja dei store.

- Det er nok det beste løpet Alley Star har gjort sjølv om den plasseringsmessig har gjort det klart betre tidlegare. Nei, dette byrjar eg å lika, seier hesteeigaren som gjev uttrykk for at han gler seg til dei komande løpa. Tilfreds med den lovande unghesten var og trenar, kusk og stallpersonalet elles. Dei såg svært mykje positivt bak resultatet.

Elles fortel Huglen at begge hestane sette stor pris på godsaken dei fekk før start. Gulrøtene dei fekk då, var sponsa av Spar-butikken, og begge hestane såg ut til å vera svært takksame for det.

Kenya Key, som Tommy Røssland eig, har gjort det bra med fleire gode plasseringar i det siste. Sist torsdag hadde den ikkje dagen, og det vart eit litt rotete løp der han mellom anna kom dårleg ut, hadde galopp, men gjekk godt i deler av løpet. Til slutt kom den inn til ein 5.plass, men denne hesten kjem nok att med sterkare plasseringar seinare.

Av: Thor Inge Døssland